

# Informasjonsskriv til tilsette – 27. mars 2020



Volda  
kommune

## **Kjære medarbeidar i Volda kommune,**

Dei nasjonale tiltaka for å førebyggje mot smitte og redusere smittespreiing er vidareført til 13. april. Sidan 12. mars har vi hatt ein heilt spesiell situasjon. Tiltaka er drastiske og har verknader for heile samfunnet.

Nedstenging av bransjebedrifter og kulturarrangement mv, og innføring av restriksjonar har medført høg grad av permittering i næringslivet. Berre i Volda og Ørsta er det om lag 900 tilsette som er permittert. Dette er svært alvorleg, og eg håpar at tiltakspakkene som regjeringa har kome med vil berge næringslivet.

Volda kommune følgjer dei nasjonale tiltaka for å unngå og avgrense smitte. Det vert dagleg sendt ut pressemeldingar. Vi har jamnleg pressekonferansar for å informere om status og gi folk råd om å ta situasjonen alvorleg. Det er svært viktig at vi no held fysisk avstand, vaskar hendene ofte og unngår å reise. Vi er framleis i det dei kallar fase 1 i koronautviklinga, dvs der smitte er blant enkelttilfelle. Ved at folk følgjer råda vil vi kunne ha avgrensa smittespreiing, og vi vil kunne ha kapasitet i helsevesenet til å handtere den totale situasjonen.

Kommunen har ei viktig rolle også i krisesituasjonar. Vi yter stort sett dei daglege tenestene i tillegg til at vi gir innbyggjarane tryggheit for liv og helse. Eg er stolt av den innsatsen de gjer for at vi kan ha kontroll på situasjonen, og gi innbyggjarane tryggheit. Reinhaldarane gjer ein fantastisk jobb for å halde bygga og kontaktflater reine. Dette er svært viktig. Legetenesta og de som arbeider i helse og omsorg er fleksible og gjer ein stor innsats for å ivareta pasientane. De som arbeider i oppvekst har på særskilt kort tid kasta dykk rundt og teke nye utfordringar. Det er imponerende at de greier å transformere undervisninga så hurtig og med så stor kreativitet. Dette gjeld både grunnskuleundervisning og i kulturskulen. De har også raskt fått opp tilbod i barnehagen og skulen for dei som har krav på slik tilrettelegging. De leiarane har eit auka press med ekstra planlegging samtidig som de handterer problemstillingar som dukkar opp i ein uforutsigbar situasjon. Det er generelt god dugnadsinnsats og fleksibilitet blant dykk tilsette til å ta eit tak i denne ekstraordinære situasjonen.

Vi har ein god organisasjon som leverer på alle postar. Det gjer at kriseleiinga kjenner at vi har kontroll på situasjonen.

Vi må vere budde på at koronasituasjonen i ein eller annan grad vil vare over litt tid. Det er viktig at vi har fokus, men samtidig held roa, slik at vi har krefter til å handtere det som ev måtte kome. Parallelt med denne beredsskapstenkinga må vi også ha fokus på dagleg drift. Det er viktig at vi tek vare på kvarandre som kollegaer, som familie og som innbyggjarar. Gjennom felles innsats vil vi vinne over denne krisa.

Det er viktig at du følgjer råda frå helsemyndigheitene. Samtidig er det viktig at du gjer ting som gir deg energi. Pass på å finne lommer der du kan få til dette. Vi treng å ha krefter til å stå i situasjonen. Kva som gir energi ulikt frå person til person. For min eigen del kjem eg til å gå tur i friluft i helga, men med god avstand til andre. Det vert nok ei trekkspelrunde også for å kalibrere «haudet».

Eg ynskjer deg ei god helg!

**Beste helsing**  
**Rune Sjugard**  
**Kommunedirektør**